



Notat

Dato: 17.02.2015
Arkivsak: 2015/258-5
Saksbehandlar: kjesigv

Til: Anne-Kathrine Vabø

Frå: Kjetil Sigvaldsen

Innspel Samferdselsavdelinga - Lyseparken, oppstart og planprogram - Os kommune

Koplingar mot E39

Kollektiv knutepunkt må etablerast nærast mogeleg E39, for å sikre effektiv tilbod for dei reisande.


Kollektivtransport

Fortetting og konsentrert byutvikling er ein føresetnad for å utvikle eit godt og attraktivt kollektivtilbod i vekstområda. På den andre sida er eit godt kollektivtilbod også ein nøkkelfaktor for ei velfungerande byutvikling. Arealbruk og utbyggingsmønster som byggjer opp under dei miljøvenlege trafikkformene er avgjerande for at kollektiv, gang og sykkel skal ta trafikkveksten. Byutvikling og kollektivtrafikk må bygge opp under kvarandre.

Utbygging i planområdet må vere konsentrert nærast mogleg kollektivknutepunkt ved E39. Det må leggest til rette for gang- og sykkeltilkomst på området. Sykkelparkering må vurderast ved knutepunktet. Næringsverksemd og bustadområde med konsentrasjon av flest menneske per kvadratmeter bustadflate bør ligge nær kollektivknutepunkt. Større lagerbygg og liknande bør plasserast i utkanten.

Det er ei ulempe at buss i rute må ta ein ekstra omveg for å dekke planområdet. Slike rutar oppfattast som ein ulempe for passasjerar som må ut på lite attraktive omvegar. Rutetilbodet må sørge for å vere konkurransedyktig ovanfor anna transport som personbil.

Ved vidare arbeid i denne planprosessen er det viktig at Os kommune konfererer med SKYSS for å finne effektive og miljøvenlege løysningar for framtida.



Kollektivorientert byutvikling. Kjelde: SKYSS - Kollektivstrategi for Hordaland - Utvikling fram mot 2030